

Avtale om leige av tomt

mellom

Alver kommune

og

Nordre Holsnøy IL

1. Avtalepartane

Utleigar: Alver kommune
Org.nr.: 920 290 922
Kontaktperson:
E-post:

Leigetakar: Nordre Holsnøy IL
Org.nr.:
Kontaktperson:
E-post:

2. Avtalen gjeld

Avtalen gjeld leige av tomt til etablering av kunstgrasbane på del av gnr. 343 bnr. 132.

Avtalen gjev leigetakar rett til for eigen kostnad å anleggje og vedlikehalde kunstgrasbane.

3. Tomta

Tomta er på 4000 m² og er vist på vedlagt teikning, **Bilag 1**.

4. Egedomsrett

Alver kommune står som heimelshaver til tomta der kunstgrasmatta byggjast, samt lysanlegget rundt bana. Nordre Holsnøy IL er eigar av kunstgrasbanen og laust utstyr som tilhører bana. Eventuelle tiltak på tomta ut over sjølve kunstgrasdekket, skal på førehand klarerast av Alver kommune avdeling for eigdomsforvaltning.

5. Varigheit:

Avtalen gjeld i 30 år, rekna frå det tidspunktet bana vert tatt i bruk. Dersom partane ønskjer å forlengje avtalen, kan dette skje for 10 år om gongen.

6. Opphøyr av avtalen

Utleigar tek over kunstgrasbanen etter endt leigeperiode, med mindre utleigar forlangar at leigetakar sørgjer for tilbakeføring av tomta til sin opphavelige stand (planert grusbane).

7. Leiga

Retten til leige er vederlagsfritt.

8. Framleige

Framleige av arealet er ikkje tillate utan eigar sitt skriftlege førehandssamtykke.

9. Overdraging

Overdraging av leigeavtalen er ikkje tillate utan eigar sitt skriftlege førehandssamtykke.

10. Offentlege krav

Leigetakar er ansvarleg for at kunstgrasbana og installasjonar vert etablert, drifta og vedlikehalde i samsvar med offentlege forskrifter og pålegg.

11. Atterhald om politisk godkjenning

Kontrakta er signert med atterhald om politisk godkjenning i Alver kommunestyre.

12. Signatur

Denne leigeavtala er underteikna i to eksemplar, eit til kvar av partane.

Dato/stad:

Dato/stad:

Utleigar

Leigetakar

For Alver kommune

For Nordre Holsnøy IL